



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjøs@osteroyindustrilag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2003

Styret sitt framlegg til årsmøtet.

ÅRSMØTET I 2003

Årsmøtet vart halde hjå Gunnebo Anja Industrier AS 25.3.03.

MEDLEMSMØTE

Me har i meldingsperioden ikkje hatt medlemsmøte utover årsmøtet.

3 STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte (17.6.03, 18.11.03 og 2.2.04) som har handsama 28 saker. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

VEGSAKER

Industrilaget har også i 2003 arbeidd aktivt for å betre vegstandarden på Osterøy. Formannen har også denne perioden lagt ned eit vesentleg arbeid med oppfølging av fleire vegsaker.

Strekninga ”**Gatland sør**” vart fullført seinhaustes 2003 med statlege midlar og kompensasjonsmidlar.

Utstikkande **fjellknaus på Gatland** lukkast det ikkje å få teke i denne omgang, men formannen har fått signal om at den kan verte teke samstundes med utbetringar på Hjellvikvegen.

Kompensasjonsstyret og kommunen har løyvd litt midlar til vegutbetringar på **vegen**

til Hjellvik. Vegvesenet skøyter til med egne midlar. Arbeidet vil verte gjort våren 2004.

Formannen har teke initiativ til omlegging av **Litlandsvingane** mellom Bysheim og Hosanger. Vegvesenet har grepe fatt i saka saman med kommunen. Planarbeid er sett i gang.

Nyutbeta veg mellom Lonevåg og Hatland vart opna 6.6.03. Det var forskottering av kompensasjonsmidlar som utløyste tiltaket, men det vart ikkje naudsynt å nytte forskotteringa. I samband med vegopninga vart formannen og sekretæren inviterte til møte og synfaring med representantar for kommunen og det nyorganiserte vegvesenet.

Me støtta høyringsframlegget til reguleringsplan for **ny veg Hauge – Lonevåg.**

Reguleringsplanen vart godkjend i heradsstyret 18.6.03. Dette arbeidet har hatt god framdrift. Me har arbeidd for fortgang i arbeidet med finansiering, m.a. skriv til kompensasjonsstyret og brustyret 30.6.03. Men arbeidet vart hengjande litt i lause lufta i samband med valet fram til formannskapet oppnemnde sakskomité mot slutten av året. Formannen vitja Stortinget 17.11.03 og fekk **møte 5 stortingsrepresentantar for Hordaland.** Finansiering av ny veg Hauge – Lonevåg var mellom dei viktigaste sakene han tok opp. Formannen og sekretæren hadde møte med ordføraren og leiaren i sakskomiteen i før jul. Me har utarbeidd eit

fyldig notat som bakgrunn for finansieringsarbeidet og har hatt kontaktar med sentrale personar både hjå vegvesenet og i fylkeskommunen. Me inviterte sakskomiteen til synfaring i 3 verksemder, men vart i plassen inviterte til å delta på eitt av møta deira i januar 04. Styret har hatt møte med **Osterøy sin einaste fylkestingsrepresentant, Ragnar Tyssebotn** og leiaren i Osterøy Framstegsparti Bjarte Johnsen. 9.2.04 hadde me **stortingsrepresentant Gjermund Hagesæter** på synfaring og omvising saman med partikollegene nemnd over. Det er framleis uklart korleis og når finansieringsplanen vert fremja. Me har argumentert kraftig for rask sakshandsaming. Me har hatt lesarinnlegg i lokalavisene for å unngå at politikarane gir opp å klare å skaffe statlege midlar før kampen verkeleg har starta. Vidare oppfølging av saka vert ei av dei viktigaste framover. I juni gjorde me innspel til kommunen om å regulere område i Hagedalen for å kunne ta hand om tunnelmassar. Seinare på hausten har me gjort innspel til arbeidet med kommunedelplan for Hauge om å førebu mottak av tunnelmassar ved fleire utbyggingsområde.

Me har i februar 04 invitert **samferdselsutvalet i fylket** på synfaring. Me har fått positiv respons frå administrasjonen som ønskjer ein formell invitasjon frå Osterøy kommune.

10.4.03 sende me brev til Regionrådet for Nordhordland med støtte til arbeid for ein **indre stamveg**. Dette vil styrke arbeidet for veg mellom Tysse og Kallestadsundet.

MANGLANDE BARVEGSSTRATEGI

I juni sende me brev til vegvesenet om manglande barvegsstrategi for vintervedlikehald mellom Lonevåg og Tysse. Me har mange gangar purra opp og informert. Og det gjekk som me frykta. Godt utrusta trailarar har hatt problem i hopetal. Saka vart teke opp i heradsstyret og kommunen fekk i stand møte med Statens vegvesen. Møtet fekk eit delvis positivt utfall; salting fram til

Hosanger. Og resultatane viste seg umiddelbart ved neste snøfall og kuldeperiode; vesentleg betre veg. Men dette er ikkje godt nok. I februar 04 sende me klage til Vegdirektoratet.

HYPPIGE STRAUMBROT

Saka vart teke opp med BKK Nett AS på medlemsmøtet i januar 03. BKK lova å arbeide for betring. Men utover sommaren og hausten vart det verre enn nokon gong. Me sende klage til NVE. NVE påla BKK å gjere greie for historikken og for tiltak. I januar kom det svar frå NVE som seier seg nøgde med tiltaksplanen, men vil ha meldingar frå Industrilaget om situasjonen ikkje vert betre. Fleire av våre medlemmer hadde i 2003 heile 13 langvarige avbrot (meir enn 3 minutt) og fleire hadde opp mot heile 28 kortvarige avbrot. For fleire av våre medlemmer medfører sjølv korte avbrot skade på produkt i arbeid og mange maskinar og mykje utstyr som må programmerast og startast på nytt.

KOMPENSASJONSMIDLAR FOR AUKA ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Formannen er leiar for kompensasjonsstyret. Nestformannen er medlem i kompensasjonsstyret. For 2003 vart kompensasjonsstyret tildelt berre vel 1 mill kr. Årleg tildeling t.o.m. 2003 skulle vore ca 10 mill kr. Me har vore aktive i arbeidet for å få inn att desse midlane og mot slutten av året for å få overgangsordning slik mange kommunar vil få i samband med den store omlegginga av arbeidsgjevaravgifta frå og med 2004. Dei 14 kommunane oppnådde ikkje anna enn nokre positive signal i 2 stortingskomitear. Arbeidsgruppa for dei 14 kommunane held fram sitt arbeid i 2004 saman med ca 100 overgangskommunar. Sekretæren deltok i desember 03 saman med ordføraren på eit fellesmøte for dei 14 kommunane (formannen var forhindra frå å møte).

KOMMUNEPLANEN

Me gjorde fleire innspel til kommuneplanen i høyringsrunden utan at dette vart teke omsyn

til i vidare prosess. Me gjorde på nytt innspel 16.6.03 før planen skulle handsamast i heradsstyret, men med magert resultat. Når dette er sagt, skal det og nemnast at planen inneheld mange bra element.

LOKALPOLITISKE SPØRSMÅL TIL PARTIA FØR VALET

Me sende på tilsvarande vis som ved sist kommuneval liste med konkrete spørsmål og plass til svar. Men me fekk svar berre frå Ap os SV.

EIGEDOMSSKATT

Ein av våre medlemmer, Fossen AS, har for sitt oppdrettsselskap, Bognøy Fiskeoppdrett AS, ført sak mot kommunen. Dei vann saka og fekk medhald i at oppdrettsanlegga ikkje kan ileggjast eigedomsskatt sjølv om dei har ei form for tilkyting til land.

PROSJEKT "NYSKAPING I SMÅBEDRIFTSMILJØ"

Prosjektet starta våren 01 med eit budsjett på 1,8 mill kr. Nestformannen representerer Industrilaget i prosjektstyret. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg. Industrikonsulenten er prosjektleiar. Leiartreningsprogrammet med 11 deltakarar frå 6 verksemder vart fullført på hausten. Hovudinnsatsen er retta mot nyskapingstiltak i samarbeidande verksemder. Fleire verksemder har fått bistand i organisering av skattefunnprosjekt.

BREIBANDSAMBAND

I tillegg til BKK Bredbånd AS sitt tilbod i Lonevåg etablerte BGNett i 2003 eit tilbod i Valestrandsområdet. BlueCom vil etablere tilbod om ADSL og SHDSL i Lonevåg våren 2004. Me har arbeidd for breibandtilbod fleire plassar utan å lukkast.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga

årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 35.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutvikling og mottek vel 200.000 kr for dette. I 2003 fekk Osterfjord Næringsamarbeid også til rådvelde via fylkeskommunen 250.000 kr til regionalt næringsfond.

SKULE/NÆRINGSLIVS- SAMARBEID

Sekretæren deltek i eit fast samarbeidsorgan skule/næringsliv. Dette kontaktutvalet skipar m.a. til **utdanningsmessa** der også sist haust fleire av våre medlemmer deltok aktivt. Dekking av leige av Osterøyhallen går på omgang mellom dei 4 tilskiparane av messa. Fleire av våre medlemsverksemder har partnarskapsavtale med Osterøy vidaregåande skule. Samarbeidet om praksisplassar for VKI-elevane i fleire verksemder held fram.

ANDRE SAKER

Me har fått eigne **heimesider**: www.osteroyindustrilag.no. Førebels har vi ei enkel sideutforming. Dette vil verte forbetra.

Me har sendt oppmoding til finanskomiteen på Stortinget om å gjere **skattefunnordninga** gjeldande for eigaren sin arbeidsinnsats i enkeltmannsføretak og ansvarlege selskap. Stortingsrepresentant Gjermund Hageseter har teke opp saka. Men ingen resultat så langt.

Formannen og sekretæren tok del i **valmøte i regi av NHO Hordaland** med både fylkes- og lokalpolitikarar til stades. Møtet var lagt til Fossen AS.

Me har motteke brev frå kommunen med påpeiking av forbod mot **brenning** av avfall.

Me har sendt invitasjon til **ordføraren/heradsstyret** til **busstur/bedriftsbesøk** og avventar svar.

Formannen inviterte dei **stortingsrepresentantane** han møtte på Stortinget i november til besøk på Osterøy. **Gjermund Hagesæter** (FrP) vitja oss 9.2.04.

Me har i meldeperioden hatt eit aktivt samspel med **lokalpressa** og mange av våre saker har hatt god dekning.

E-post er no ein av dei viktigaste kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 10 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Norlender Knitwear AS er innmeld. Osterfjord Sea Products AS og OK Lone AS er sletta frå medlemslista.

Industrilaget har **35** (36 i 2002) **medlemsverksemdar** med ca **825** (775 i 2002) **tilsette**.